



Emma frå Ågotnes med lillesøster Stine – i den gamle dåpskjolen som kom uskada frå brannen. Biletet er teke då Stine vart døypt i Landro kyrkje i 2005. Stine og Emma er fjerde generasjon.

Ein 108 år gamal dåpskjole frå Sanden slapp utruleg nok uskada frå den heftige brannen i huset til Brit Tove og Hans Gustav Musland i Skårhaug.

- Vi er heilt mållause over at det kunne vera mogeleg, seier Anne-Brith Bringedal Clementsen til uskedalen.no.

Ho fortel at dåpskjolen vart laga til Bertel, som vart fødd i 1899. Han var eldste sonen til Brita og Tor Myklebust den eldre.

Av dei ni barna deira var Liv Kolltveit, som gjekk bort i år, den yngste.

Ho eigde tidlegare huset som brann og oppbevara kjolen der.

Mange barn, barnebarn og oldebarn i slekta er døypt i dedn gamle kjolen.

Og no lever han altså vidare.....

Av Ola Matti Mathisen